

# REFERAT FRÅ BARNEHAGEFORELDREMØTE 14.09.2017

## Sak 1: Luster barnehage 2017-18

- Oppstarten: God innkjøring/ oppstart på det nye barnehageåret. Mykje fint vær, mykje ute. 2 nye barn på Løvetann. 5 stk. har bytta avdeling. Har kome godt i gang med tema; mat, kropp og «Kule krabatar.»
- Barnegruppa: 19 barn på Søtekrysse, f. 2012-14 og 6 barn på Løvetann (frå 1. oktober), f. 2015-16. 30 plassar alle dagar. Har stort sett ledig kapasitet til kjøp av dag alle dagar. Kr 260,- pr. dag.
- Personale: May Grethe har fødselspermisjon. Linn og Tone Lise er faste vikarar. Nokon nye vikar også i haust. Står info. på tavla i garderobane når vi har nye vikarar, samt at dei blir oppfordra om å helse på alle foreldre dei ikkje kjenne.

Summeoppgåve 2 og 2: Forventningar til barnehagen/ kva er viktig for deg?

- Fornøgd
- Fleire turdagar; spennande å lære nye ting på vegen
- Trygt og godt å levera
- Ta seg tid til å fortelja korleis dagen har vore.
- På barnas premissar
- Sosial kompetanse
- Til dei andre foreldra: hold barna heime ved sjukdom. Snu det på hove og tenk: hadde eg likt at mitt barn var i barnehagen med andre barn som hadde feber/ augekatar/ diare etc.?

## Sak 2: Årsplan/ tema:

Kom ny Rammeplan 1. august. Alle 7 fagområda blir trekt inn i det meste vi gjer, men vi har delt inn fagområda i 3 og kjem til å jobbe mest med «Kommunikasjon, språk og tekst» «Kropp, rørsle og helse» i 2017-18.

## Andre overordna planar barnehagen forheld seg til:

- Utviklingsplanen Luster oppvekstsenter
  - Skriving og lesing som grunnleggjande dugleik
  - Psykisk helse
  - tidleg innsats
  - teknologi i barnehagen
- Overordna kommunal Leseplan
  - revidert
  - oppvekstbibliotek
- Den naturlege skulesekken
  - mat, vere sjølvberga, kaste mindre

## Kule krabatar leikar:

Sosial dugleikstrening og tilrettelagt leikeaktivitet

- For barn frå 3-5 år
- To økter pr. veke i 6 veker (oppstart etter haustferien)
- 4-5 barn i gr.
- Raud: gr. 8 stk. og 2 vaksne
- 10-20 min «undervisning» + utprøving gjennom leik
  1. Å presentere seg sjølv og spørje nokon om å leike
  2. Å gje hyggelege kommentarar til kvarandre, seie kva ein liker og ikkje liker, og fortelje om eigne interesser
  3. Trene på å ha passande augekontakt

4. Vise kjensleuttrykk som glad og lei seg.
5. Korleis kjenner vi at vi er redd, og trenre på å slappe av
6. Kva kan ein gjere når nokon ikkje vil leike med deg

Årsplan blir delt ut ca. 20.09.17. Mange av punkta over er utdjupa i den. Har du innspel, forslag til endringar ol. så ta kontakt med Nina Karin lerum eller Anne Verlo som er dykkar representantar i samarbeidsutvalet. Den endelege årsplanen blir vedtatt i samarbeidsutvalet 26.09.17.

### Sak 3: Kahoot

### Sak 4: Ymse

- Alle takstar for tur med bil i barnehagen er uendra; ingen innsigelser

Takstar:  
kr 30,- for turar i nærmiljøet,  
kr 40,- for turar innan kommunen,  
kr 60,- for lengre turar

Buss: vi prøver å nytte offentleg transport så sant det er mogleg. Det blir ikkje brukt bilsete/ pute på bussturar; bruker selane i bussen og evnt. anna sikringsutstyr som er i bussen. Kostnaden for buss blir delt likt på alle barna (også dei under 4 år). Barnehagen samlar opp og krev inn pengar for turar på våren.

- 6-års tur: barnehagen sender ut eit skjema til dei det gjeld før påske. Vil innehalde spørsmål om maks pris og forslag om turmål. Kom gjerne med innspel i forkant.
- Sikring av barn i bil: vi ber om at alle sikrar barnet sitt forsvarleg i bilen. Også når andre leverer/ hentar. Eit dilemma for personalet om vi skal gripe inn.
- Praktisk informasjon:
  - merk kle
  - sjekk strikkar i dressar og regnbukser
  - hyller og korger skal tømmast til siste helga i mnd. pga reinhald
  - hugs å gi beskjed viss barnet er sjuk/ skal ha fri evnt. kjem seint.
  - veit du om at barnet ditt skal ha fri så gi beskjed med ein gong du veit.
- Vi har slutta å bruke heimesida til vektentlege oppsummeringar. Kjem små glimt frå kvardagen på oppvekstsenteret si lukka facebookside.
- Planleggingsdag 9. oktober, da er barnehagen stengt. Personalet skal på fagnettverk/ kurs.
- Haustferie 9. -13. oktober: av erfaring veit vi at nokre av barna i barnehagen tek fri når skulen har haustferie. Vi ynskjer å tilpasse bemanninga til behovet, bruke barnehagen sine ressursar til det beste for alle, og deler derfor ut ferielapp.

### Sak 5: Val av foreldrerepresentantar for 2017-18

Leiar: Nina Karin Lerum (sit i SU)

Nestleiar: Anne Verlo (sit i SU)

Vara: Maria C. K. Brun og Sigvald Høyheim